



ÅRSRAPPORT 2002



**MØRE OG ROMSDAL
FYLKESKOMMUNE**



Rekneskapen for 2002 syner eit svært sterkt resultat for Møre og Romsdal fylkeskommune.

Vi kom i fjor ut med eit driftsoverskot på 54,1 mill. kroner. Dei viktigaste årsakene er eit mindreforbruk i drifta av sektorane på 17,4 mill. kroner og 36,2 mill. kroner i mindre netto finansutgifter enn budsjettert. Innsparinga i finansutgiftene kjem i hovudsak som følgje av den statlege overtakinga av spesialisthelsetenestene og ein generelt god likviditet.

Møre og Romsdal fylkeskommune har i året som gjekk kvitta seg med gamle underskot som går heilt tilbake til 1991. Vi har også teke heile pensjonsutgifta til KLP.

Det er ei merkeleg kjensle å leggje fram rekneskapsresultatet for 2002 i eit landskap der mange kommunar slit med store og tunge underskot. Der har også vi vore. Snuoperasjonen som har skjedd gjennom fleire tunge omstillings- og effektiviseringstiltak, er først og fremst eit kollektivt løft, der både tilsette og politikarar gjorde eit krafttak utanom det vanlege. Prosessen var tøff for oss alle, men gjennom dette arbeidet innarbeidde vi haldningar, system og rutinar som vi framleis haustar frukter av.

Rekneskapsresultatet for 2002 er eit produkt av god økonomistyring både i sektorane og dei enkelte verksemdene. Leiarar og tilsette i alle ledd har vist særstærk vilje til å styre aktiviteten i samsvar med budsjettammene. Vi byggjer våre styringsprinsipp på å oppnå gode resultat gjennom ein desentralisert organisasjon, målretta styring av ressursane og delegering av myndigheit.

Rekneskapsresultatet 2002 fortel om mykje meir enn året som gjekk. Ein kan på mange måtar sjå på eit rekneskapsresultat som ein tilstandsrapport som gjev oss klare føringar for framtida. Økonomisk kraft og stabilitet gjev oss nemleg handlingsfriheit til å gjere ein enda betre innsats for innbyggjarane i fylket vårt. Det gjev oss høve til å levere stadig betre tenester og friheit til å fylle rolla som regional utviklar:

- Den vidaregåande opplæringa står føre store utbyggings- og fornyingsprosjekt. Siktemålet er at dei nye og moderniserte vidaregåande skolane skal vere kraftsenter i det regionale og lokale utviklingsarbeidet. Det vil også bli ei viktig utfordring å få utdanningsvala til å samsvare best mogleg med behova for arbeidskraft i fylket framover. Samstundes skal vi ta hand om eit stadig veksande tal ungdommar til vidaregåande opplæring. Utdanning og ungdoms-/oppvekstmiljø representerer eit avgjerande innsatsområde i arbeidet med regional utvikling, og det er viktig at vi heile tida har ei medvitnen og reflektert kvalitetshaldning.

- Næringslivet er i ein svært vanskeleg situasjon som følgje av store endringar i valutasituasjonen og ei svært høg rente. Dette slår særleg hardt ut for Møre og Romsdal, som er eit av dei fylka der den eksportretta industrien står sterkast. Vi arbeider no aktivt saman med industrielleiarar og politiske leiarar for å påverke sentrale styresmakter slik at ram-

mevilkåra for næringslivet blir endra og konkurransekrafta kan gjenopprettast. Målet er å snu utviklinga frå avindustrialisering til reindustrialisering.

- Dugnaden pregar på ein god måte kulturarbeidet i Møre og Romsdal. Utfordringa er å sikre at staten følgjer opp som medaktør. Derfor vil 2003 vere eit viktig år ved at regjeringa legg fram ei ny kulturmelding som samanfattar heile kulturområdet. Det er viktig både å påverke innhald og retning og samstundes offensivt møte dei signal meldinga gjev.

- Når dei vedtekte strukturendringane for tannklinikane er gjennomførte, vil det vere 35 klinikkar mot 40 i dag. Det vil vere ei stor utfordring både å rekruttere tannlegar til alle desse klinikane og å ruste dei opp til ein god standard. Det blir også viktig å styrkje og kvalitetssikre tilbodet til eldre og uføre. Kontinuerleg kvalitetsutvikling vil stå sentralt.

- Dei store omstillingane innan helse- og sosialsektoren fører naturleg nok til uvisse om framtida både ute i institusjonane og i administrasjonen. Det blir ei utfordring å følgje opp nye omstillingar på ein slik måte at tenestene til brukarane blir ivaretekne best mogleg, samstundes som kompetansen innan sektoren blir sikra og vidareutvikla av det nye regimet.

- Innanfor samferdselstenestene er det ei utfordring å utvikle eit kollektivtilbod som både er kvalitativt godt og tilpassa marknaden. I distrikta er det ei utfordring å organisere kollektivtransporttilbodet slik at ein får eit betre tilbod ut av dei pengane som allereie blir løyvd. I 2003 vil det bli viktig å utvikle gode innkjøpsformer for kollektivtenester som gjer den ønska utviklinga mogleg. I tillegg er det ei stor utfordring å arbeide for å snu godstransportstraumane frå veg til sjø.

Men først og fremst er det samspelet mellom desse tenestene og rollene som gjev oss kraft og moglegheiter.

Møre og Romsdal fylkeskommune ønskjer å bli ein enda betre tenesteytar og regional utviklingsaktør. Rekneskapen for 2002 gjev eit godt fundament for det vidare arbeidet. Gjennom systematisk og forpliktande samarbeid med kommunane, organisasjonane, staten og næringslivet vil vi også i framtida vere ein avgjerande aktør for samfunnsutviklinga i fylket vårt – til det beste for dei som bur der.

Ottar Brage Guttelvik
fylkesrådmann

I N N H A L D

side

FYLKESRÅDMANNEN SIN KOMMENTAR	2
REKNEskap 2003	3
DRIFTsoVERSIKT 2002	4
HELSE- OG SOSIALTENESTER	5
TANNHELSE	6
UTDANNING	7
KULTUR	7
SAMFERDSEL	9
NÆRING- OG MILJØ	10
ORGANISASJON	11

UTGJEVAR:

Møre og Romsdal fylkeskommune, mars 2003

REDAKSJON, LAYOUT OG PRETRYKKPRODUKSJON:

Møre og Romsdal fylkeskommune, Informasjonsavdelinga

TRYKK:

Frænatrykk AS, I.400 eks.



RESULTATREKNESKAPEN. År 2002 syner eit netto mindreforbruk på 54,1 mill. kroner. Tilsvarande tal for 2001 var eit meirforbruk på 30,6 mill. kroner.

Det er i driftsåret brukt 55,3 mill. kroner til inndekking av tidlegare års rekneskapsmessige meirforbruk, og det er i tillegg sett av 13,5 mill. kroner til ubundne avsetjingar og 1,5 mill. kroner til bundne avsetjingar.

Fylkeskommunen har ved utgangen av 2002 ingen udekte meirforbruk (underskot) frå tidlegare år. Det er dei seinare åra arbeidd systematisk med ei rekkje tiltak for å få driftsnivået tilpassa ressurstilgangen. Mellom anna er det med verknad frå år 2000 innført rammestyrt, noko som betyr at dei som har hatt mindreforbruk, etter ei vurdering kan få overført mindreforbruket som styrking av budsjettet for neste år, samstundes som dei med meirforbruk kan bli trekt i ramma for neste år. Det positive driftsresultatet som dei fleste etatane kan syne til, kan truleg mellom anna tilskrivas denne ordninga, og ikkje minst god økonomistyring i heile organisasjonen.

Også i 2002 fekk fylkeskommunen ei ekstrarekning frå KLP. I motsetning til tidlegare år var denne rekninga også budsjettert, noko som gjorde sitt til at konsekvensane av rekninga ikkje vart dei heilt store. På grunn av seint innkomne fakturaer ved årsavslutninga for 2001, er det i 2002 blitt belasta ekstrarekningar på 10 mill. kroner i samband med den statlege overtakinga av spesialisthelsetenesta. Med motsett effekt vart rammene for 2002 styrkt med til saman 12,6 mill. kroner som resultat av evalueringa av 2001-rekneskapan.

For dei ulike rammeområda er konsekvensane av ekstrarekninga frå KLP og kompensasjonen for lønssoppgeret innarbeid, noko som gir følgjande korrigerende avvik per rammeområde:

SENTRAL STYRING OG FELLES-UTGIFTER

Har eit samla mindreforbruk på 20,8 mill. kroner medrekna ei styrking av ramma på 1,2 mill. kroner etter 2001-evalueringa.

UTDANNINGSTENESTER

Har eit samla mindreforbruk på 6,4 mill. kroner medrekna ei styrking av ramma på 1,2 mill. kroner etter 2001-evalueringa.

HELSE- OG SOSIALTENESTER

Har eit samla meirforbruk på 10,1 mill. kroner medrekna ei styrking av ramma på 2,3 mill. kroner etter 2001-evalueringa. Det er i år 2002 belasta 10 mill. kroner i ekstrarekningar frå den statlege overtakinga av spesialisthelsetenesta, noko som tilseier at den ordinære drifta av helsekapittelet er gått om lag i balanse.

TANNHELSETENESTER

Har eit mindreforbruk på 0,1 mill. kroner.

KULTURTENESTER

Har eit mindreforbruk på 0,8 mill. kroner medrekna ei styrking av ramma på 0,2 mill. kroner etter 2001-evalueringa.

NÆRINGS- OG MILJØTENESTER

Har eit mindreforbruk på 0,1 mill. kroner.

SAMFERDSELSTENESTER

Har eit mindreforbruk på 2,2 mill. kroner medrekna eit trekk på 0,1 mill. kroner etter 2001-evalueringa.

VEGFORMÅL

Har eit meirforbruk på 3,2 mill. kroner medrekna eit trekk på 2,3 mill. kroner etter 2001-evalueringa.

SENTRALE KONTROLLORGAN

Har eit mindreforbruk på 0,3 mill. kroner medrekna ei styrking av ramma på 0,1 mill. kroner etter 2001-evalueringa.

DRIFTSINNTÆKTENE

Fylkeskommunens skatteinntekter og det statlege rammetilskotet – dei såkalla frie inntektene – utgjør hovuddelen av fylkeskommunens inntekter. Det er ei nær kobling mellom skatteinntektene og rammetilskotet på den måten at avvik frå budsjettert skatteinngang omgåande blir regulert med tilsvarande tilpassing i utbetalte rammetilskot. I 2002 fekk fylkeskommunen 1,1 mill. kroner mindre enn budsjettert i frie inntekter.

DRIFTSUTGIFTENE

Avvik målt på bruttotal eller enkelte utgifts- og inntektsartar gjev ikkje eit korrekt bilete av reelle budsjettavvik. Dette heng saman med at øyremerkta tilskot i stor grad ikkje er budsjettert. Det same gjeld finanspostar.

NETTO FINANSINNTÆKTER/ -UTGIFTER

Viser eit mindreforbruk på 36,2 mill. kroner. Isolert sett viser renteinntekter og utbytte eit positivt avvik på 52,5 mill. kroner, noko som i hovudsak kan tilskrivas ein periodisk stor overskotslikviditet i samband med den statlege overtakinga av spesialisthelsetenesta samt eit generelt høgare rentenivå enn budsjettert. Renteutgifter og andre finansutgifter viser eit meirforbruk på 14,1 mill. kroner og avdrag eit meirforbruk på 2,2 mill. kroner.

DRIFTSOVERSIKT 2002



Driftsoversikta viser netto utgifter for drift per sektor målt mot korrigert budsjett.

Ein fullstendig rekneskap med tilhøyrande notar blir lagt fram som eiga sak. Vi viser til denne saka når det gjeld detaljane i rekneskapen.

Avvik målt på bruttotal eller enkelte utgifts- og inntektsartar gjev ikkje eit korrekt bilete av reelle budsjettavvik. Dette heng saman med at øyremerka tilskot i stor grad ikkje er budsjettert. Det same gjeld finanspostar.

(Tal i heile 1 000 kroner) (Tal i parentes er minustal)	Rekneskap 2002	Budsjett Korrigert	Budsjett Opphavleg	Avvik BK - R	Rekneskap 2001
● FYLKESUTVALET - ØVRIG VERKSEMD					
Driftsutgifter	114 984	112 833	84 191	(2 151)	112 920
Driftsinntekter	(60 739)	(37 928)	-	22 811	(40 540)
Diverse finanspostar	(147)	-	-	147	35
Brukt til investeringsformål	-	-	-	-	-
Resultat fylkesutvalet - øvrig verksemd	54 098	74 905	84 191	20 807	72 415
● UTDANNING					
Driftsutgifter	1 067 601	987 121	909 323	(80 480)	1 041 506
Driftsinntekter	(129 969)	(44 017)	-	85 952	(162 759)
Diverse finanspostar	(1 880)	25	-	1 905	(2 430)
Brukt til investeringsformål	2 483	1 506	-	(977)	2 680
Resultat utdanning	938 235	944 635	909 323	6 400	878 997
● HELSE OG SOSIAL					
Driftsutgifter	177 426	121 248	73 642	(56 178)	2 896 472
Driftsinntekter	(53 555)	(39 686)	-	13 869	(1 489 449)
Diverse finanspostar	(32 258)	-	-	-	-
Brukt til investeringsformål	-	-	-	-	-
Resultat helse og sosial	91 613	81 562	73 642	(10 051)	1 413 689
● TANNHELSE					
Driftsutgifter	90 274	90 018	62 683	(256)	79 718
Driftsinntekter	(19 382)	(19 034)	-	348	(19 372)
Diverse finanspostar	-	-	-	-	2
Brukt til investeringsformål	-	-	-	-	-
Resultat tannhelse	70 892	70 984	62 683	92	60 348
● KULTUR					
Driftsutgifter	95 077	59 087	43 184	(35 990)	83 506
Driftsinntekter	(51 428)	(14 151)	-	37 277	(53 200)
Diverse finanspostar	536	-	-	(536)	6 804
Brukt til investeringsformål	-	-	-	-	-
Resultat kultur	44 185	44 936	43 184	751	37 110
● NÆRING OG MILJØ					
Driftsutgifter	45 374	24 270	25 679	(21 104)	42 271
Driftsinntekter	(19 162)	(320)	-	18 842	(18 421)
Diverse finanspostar	204	2 571	-	2 367	1 082
Brukt til investeringsformål	-	-	-	-	-
Resultat næring og miljø	26 416	26 521	25 679	105	24 932
● SAMFERDSEL					
Driftsutgifter	419 880	361 916	360 124	(57 964)	398 346
Driftsinntekter	(57 554)	(700)	-	56 854	(47 785)
Diverse finanspostar	(54)	65	-	119	302
Brukt til investeringsformål	-	-	-	-	527
Resultat samferdsel	362 272	361 281	360 124	(991)	351 390
● SENTRALE KONTROLLORGAN					
Driftsutgifter	4 350	4 558	3 858	208	4 738
Driftsinntekter	(513)	(440)	-	73	(251)
Diverse finanspostar	-	-	-	-	-
Brukt til investeringsformål	-	-	-	-	-
Resultat kontrollorgan	3 837	4 118	3 858	281	4 487
● NETTO DRIFTSRAMMER					
	1 591 548	1 608 942	1 562 684	17 394	2 843 368

(I diverse finanspostar inngår bundne fond og bruk av tidlegare års avsetjingar til disposisjonsfond)



Dei store omstillingane innan helse- og sosialsektoren med endring av ansvarsnivå for dei ulike tenestene, fører naturleg nok til uvisse om framtida både ute i institusjonane og i administrasjonen. Det blir ei utfordring å følgje opp nye omstillingar på ein slik måte at tenestene til brukarane blir ivaretekne best mogleg, samstundes som kompetansen innan sektoren blir teken vare på og vidareutvikla innanfor eit nytt regime.

FYLKESBARNEVERNET

Dette har vore eit år med store endringar i fylkesbarnevernet. I Stortingsmelding nr. 40 om Barne- og ungdomsvernet er det klare faglege føringar på at det i større grad må brukast arbeidsmåtar der barn og unge kan få hjelp i nærmiljøet. Meldinga inneheld også planar om ei forvaltingsreform, der fylkesbarnevernet og familievernet skal bli statleg og få ei regional organisering, for vårt vedkomande saman med Trøndelagsfylka. Denne reforma skal gjennomførast frå 1. januar 2004. Alle desse endringane gjorde at ein sette i gang arbeidet med ein ny plan for verksemda, noko året også vart prega av.

Sakene som vart tilvist, representerte alt frå ungdom med omfattande åtferdsproblem som rus, vald og kriminalitet til barn med funksjonshemmingar og barn som har vore utsett for grov omsorgssvikt. Ved utgangen av år 2002 hadde vi fått tilvist 157 nye søknader, mot 144 året før. I løpet av året har vi hatt 134 plasseringar, mot 107 året før.

I eigne institusjonar har vi 55 plassar, og desse har alle vore nytta med fullt belegg så sant det har vore forsvarleg. I tillegg har det vorte oppretta fleire spesialtiltak rundt barn som ikkje kan bu i ei gruppe med andre barn. Dette er arbeids- og ressurskrevjande tiltak. Ein har også kjøpt fleire plassar utanfor fylket enn tidlegare: ved årsskiftet hadde vi 10 ungdommar i institusjonar utanfor fylket, mot fire året før.

Arbeidet med MST (MultiSystemisk Terapi) held fram. Det er eit intensivt, tidsavgrensa behandlingstilbod til familiar med ungdom med åtferdsvarsakar. Dette tilbodet yter bistand i nærmiljøet til ungdomane, for m.a. å unngå institusjonsplassering. Det blir no arbeidd for å utvide dette tilbodet til å gjelde alle kommunar i fylket. Gjennom året hadde vi 13 søknader til dette tiltaket, mot 15 året før.

Det er stadig tilstrøyming av familiar som ønskjer å bli fosterforeldre, men ein har ikkje kapasitet til å tilby alle god nok opplæring før dei tek imot barn. Ved årsskiftet var det 283 fosterheimar i databasen, men dette er truleg eit noko usikkert tal. Avdelinga arbeider med oppdatering av listene. I 2002 vart det registrert 38 nye familiar, av desse er ca halvparten rekruttert gjennom vårt kontor, og resten av kommunane sjølve.

Fjoråret var det første året etter at spesialisthelsetenesta vart overført til staten. Innanfor helse- og sosialsektoren har fylkeskommunen no ansvaret for rusomsorga, barnevernet og familievernet. I samband med sjukehusreforma vart avdelinga redusert med om lag 20 stillingar. Dei administrative oppgåvene blir no ivaretekne av 3 1/2 stillingar. I tillegg har barnevernseksjonen 6 fagstillingar og ein økonomikonsulent som også er knytt til helse- og sosialavdelinga.

RUSOMSORGA

Omorganisering av rusfeltet i Norge har vore sentralt i helse- og sosialavdelinga sitt arbeid. Det er gjeve fråsegn til Rusreform I og Rusreform II. Intensjonen i reformarbeidet er at fylkeskommunen sitt ansvar for dette feltet skal falle bort frå 1. januar 2004.

Arbeidet med planane for avrusingsavdeling ved Vestmo behandlingssenter og nybygg for Veksthuset har også stått sentralt i 2002. Forprosjekt for begge tiltaka vart vedteke i fylkestinget i desember 2002, og ein reknar med byggestart sommaren 2003. I tillegg er det sett i gang eit planleggingsarbeid for å etablere eit behandlingstilbod for rusmisbrukarar i tidlegare Halså vidaregåande skole.

Ved Vestmo behandlingssenter har belegget auka frå 82 % i 2001 til 89 % i 2002. Det er stor pågang om plass ved institusjonen og klientar må rekne med noko ventetid. Ved Veksthuset har belegget gått opp frå 83,5 % i 2001 til 91,8 % i 2002. Det er inngått avtale med Sør-Trøndelag om kjøp av 5 plassar ved institusjonen. Institusjonen har difor avvikla samarbeidet med andre fylke, då det er stor trong om plassane frå eige fylke. Det er svært stor pågang om behandlingssjans og ventetid på om lag eit år for å få plass.

Det har vore ein vesentleg auke i behovet for kjøp av behandlingssjansar utanfor fylket. Dette gjeld både avrusing og behandlingstilbod. Det er kjøpt avrusingstilbod til 44 personar i institusjonar utanfor fylket og behandlingstilbod for sju personar.

Midt-Norsk Kompetansesenter har hatt eit godt arbeidsår i 2002. Spesielt er det lagt ned mykje arbeid i prosjektet "Rus som samfunnsproblem", som vart avslutta i 2002. Det er etablert ei arbeidsgruppe som skal vidareføre dette arbeidet i samarbeid med Midt-Norsk Kompetansesenter.

I alt har 41 personar frå vårt fylke søkt om metadonassistert rehabilitering sidan det starta opp – 20 av desse har fått tilbod. Til saman 5 personar er skrivne ut av tiltaket og fleire står på venting.



FAMILIEVERN

Familievern har vidareført si verksemd etter same mønster som tidlegare. Kontoret i Ålesund har fått auka tilskot til ei ny stilling i 2001 og 2002. På sikt skal det opprettast eit familievernkontor på Søre Sunnmøre der dei nye stillingane ved Ålesundskontoret skal vere ein del av staben.

Forvaltninga av familievernkontora skal frå 1. januar 2004 omorganiseras. Fylkeskommunen sitt ansvar for drifta fell vekk, og ansvaret for drift av kontora skal leggjast til same nivå som for fylkesbarnevernet. Det inneber at administrasjon av fylkesbarnevernet og familievernet vil bli lagt til eit statleg forvaltingsnivå som dekkjer heile helseregionen, der administrasjonen vil bli lagt til Trondheim. Korleis dette skal gjennomførast i praksis er framleis uavklara.

ØKONOMI

Helse og sosial hadde ei nettoramme på 81,6 mill. kroner og eit samla meirforbruk på 10,1 mill. kroner. Isolert sett er det utgiftsført 10 mill. kroner i ekstra kostnader i samband med staten si overtaking av spesialhelsetenesta. Dette betyr at den ordinære drifta av helsekapittelet har gått i balanse i 2002. Barne-/familievern har eit samla meirforbruk på 4,1 mill. kroner. Rusomsorga har eit samla mindreforbruk på 2,1 mill. kroner. Mindreforbruket skuldast i all vesentleg grad statsmidlar til Midt-Norsk Kompetansesenter som vart overført seint i 2002. Aure opptreningscenter, som gjekk over til staten frå første januar 2003, hadde eit mindreforbruk på 1,4 mill. kroner. Tala er korrigererte for ekstrarekning frå KLP og kompensasjon for lønsoppgjer.





Fylkeskommunen har ansvaret for den offentlege tannhelsetenesta. Under behandlinga av St.melding nr. 19 (2001-2002), "Nye oppgåver for lokaldemokratiet – regionalt og lokalt nivå" slutta Stortinget seg 20. juni 2002 til regjeringa sitt syn om at den offentlege tannhelsetenesta skal vidareførast som eit fylkeskommunalt ansvar og ei fylkeskommunal teneste.

Tannhelsetenesta har 40 tannklinikkar i 35 av dei 38 kommunane i fylket og gjev tannhelsetenester til klientell som er prioritert i tannhelsetenestelova: barn og ungdom i aldersgruppa frå 0 til 18 år, psykisk utviklingshemma, eldre og uføre i institusjon og heimesjukepleie og ungdom i aldersgruppa 19 til 20 år. Klinikkanne gjev også tilbod til vaksne betalande kundar. Helse- og sosialutvalet har det politiske sektoransvaret, medan fylkestannlegen har det administrative og faglege leiaransvaret.

PERSONALE

Det har i fleire år vore sviktande rekruttering til offentlege tannlegestillingar. Ved utgangen av året stod 12,5 tannlegestillingar ledige, eller 16 % av alle stillingane. Likevel er dette den beste situasjonen ved eit årsskifte sidan 1997 då rekrutteringsproblema i tannhelsetenesta for alvor byrja å gjere seg gjeldande. Samla vakansar i tannlegestillingar for heile 2002 var 17,6 årsverk. Dette går sjølvstøtt ut over tannhelsetilbodet til befolkninga.

Med ein langt større avgang på tannlegar i Norge enn det som blir utdanna dei komande åra, er det grunn til å sjå med uro på framtida for offentlig tannhelseteneste, særleg i utkantdistrikt. Det er få eller ingen norske søkjarar til ledige stillingar, noko som har gjort det nødvendig å satse på rekruttering av tannlegar også frå utlandet. Ved utgangen av 2002 var såleis 12 av tannlegane i tannhelsetenesta frå utlandet.

For å kunne oppretthalde eit godt offentlig tannhelsetilbod også i åra framover, vil det derfor i tillegg til eit aktivt rekrutteringsarbeid vere nødvendig å vidareføre og vidareutvikle dei fylkeskom-



munale og statlege tiltaka som er sett i verk for å sikre rekruttering til og stabilitet i stillingane.

KLINIKKSTRUKTUREN

I samband med "Omstilling 2000 – strukturgjennomgangen", vart det våren 2000 starta utgreingar og vurderingar av framtidig klinikkstruktur i tannhelsetenesta, eit arbeid som varte fram til hausten 2002, m.a. med to arbeidsgrupper oppnemnd av fylkesutvalet. Saka var til behandling i fylkestinget fire gonger før endeleg vedtak vart gjort i desember 2002. Vedtaket inneber små endringar i høve til dagens struktur, det blir ei vidareføring av ei desentralisert tannhelseteneste. Når dei vedtekte strukturrendringane er gjennomført, vil det vere 35 klinikkar mot 40 i dag. Det vil derfor vere ei stor utfordring både å rekruttere tannlegar til alle desse klinikkanne og å ruste dei opp til ein god standard.

OMFANGET AV TENESTETILBODET

For det prioriterte klientellet var det 1.979 fleire personar under tilsyn i 2002 enn året før. Til saman var 60.755 personar eller 82 % av prioritert klientell under tilsyn. Med tanke på dei mange vakante tannlegestillingane er dette eit godt resultat.

Tilbodet til dei høgst prioriterte gruppene, barn og ungdom i aldersgruppa 0 til 18 år og psykisk utviklingshemma, er godt. Høvesvis 90 % og 89 % av desse gruppene var under tilsyn i 2002.

Når det gjeld eldre og uføre var 83 % av dei i institusjonar og 47 % av pasientane i heimesjukepleia under tilsyn.

Særleg gledeleg i 2002 var det vesentleg betra tilbodet til pasientane i heimesjukepleia – 582 fleire personar var under tilsyn enn året før. Resultatet i 2002 ligg likevel litt etter landsgjennomsnittet i 2001 som var 49 %. Etter at fylkestinget i 2000 av spareomsyn vedtok eit sterkt redusert tilbod til eldre og uføre, har det teke lenger tid enn venta å byggje opp att tilbodet som føreset gode samarbeidsrutinar med heimesjukepleia. Dei mange vakante tannlegestillingane skapar sjølvstøtt problem også når det gjeld tilbodet til denne gruppa. Ser vi bort frå ein større klinikk som hadde særleg mykje vakansar i 2002, har dei 39 andre tannklinikkanne i gjennomsnitt ein dekningsgrad på 53 %, altså godt over det som var landsgjennomsnittet i 2001. Det viser at satsinga på denne gruppa i 2002 er i ferd med å gje resultat.

Til saman 32 % av ungdom i aldersgruppa 19 til 20 år var under tilsyn i 2002. Dette er likevel ein vesentleg auke frå 2001 då berre 18 % i denne gruppa var under tilsyn. Hovudgrunnen til at oppslutninga har vore så låg siste åra, er at fylkestinget



i 2000 vedtok å endre vilkåra, slik at denne gruppa måtte betale full pris og ikkje fekk 75 % moderasjon, slik vederlagsforskrifta til tannhelsetenestelova tilseier. Etter fylkestingsvedtak i april 2002 vart moderasjonsordninga innført på nytt frå 20. mai 2002, noko som naturleg nok har ført til større interesse for og oppslutning om tilbodet.

I 2002 var det 12.104 betalande vaksne pasientar under regelmessig tilsyn i offentlig tannhelseteneste. Det utgjer om lag 7 % av befolkninga over 20 år i fylket. Den offentlege tannhelsetenesta hadde såleis tilsyn med om lag 73.000 personar i 2002, knapt 2.300 fleire enn i 2001. Det utgjer om lag 30 % av folket i fylket.

TANNHELSERESULTATA

Det er små endringar i tannhelse til barn og ungdom i høve til året før. Det er ei lita betring for 5- og 18-åringane, og ein svak tilbakegang for 12-åringane – 59 % av 5-åringane hadde feilfrie tenner (d.v.s. tenner utan fyllingar eller tannrote). I gjennomsnitt hadde 12-åringane 1,7 DMF-tenner (tenner som har hol, er fylte eller trekte) og 42 % hadde feilfrie tenner. 18-åringane hadde i gjennomsnitt 5,4 DMF-tenner og 17 % hadde feilfrie tenner. Det er såleis grunn til å merke seg at kvar sjette 18-åring aldri har hatt hol i tennene. Dei siste 20 åra har vi hatt ei stor betring av tannhelse til barn og ungdom, men frå 1998 til 2000 var det over heile landet ein tilbakegang når det gjeld 5-åringane. Sidan 2000 har tannhelseresultata for 5-åringane stabilisert seg på dette nivået. Tannhelse til barn og ungdom i Møre og Romsdal ligg om lag på landsgjennomsnittet.

ØKONOMI

Tannhelsekapittelet har ei samla ramme på 71 mill. kroner og eit mindreforbruk på 0,1 mill. kroner. Tala er korrigererte for ekstrarekning KLP og kompensasjon for lønsoppgjjer.

UTDANNING



KVANTITET

Talet på elevar og lærlingar i skoleåret 2002/03 er litt høgare enn førre skoleåret, ca 9.900. I dette talet ligg både skole og fagopplæring, og både ungdom og dei vel 800 vaksne som er med i det ordinære inntaket. Ekstra klasser spesielt tilrettelagt for vaksne kjem i tillegg. Til grunnkurs har vel 89 % av søkjarane fått plass på sitt første kursønske, mot 92 % året før. Totalt er søkinga til dei allmennfaglege studieretningane no vel 43 %, og dei yrkesfaglege knapt 57 %. Talet på ledige skoleplassar er redusert frå 1211 i 1999 til 570, dvs. rundt 5 % av kapasiteten.

Det vart i 2002 inngått 927 nye lærekontraktar, mot 780 året før. Av dei 927 var heile 224 innanfor mekaniske fag. Generelt har vi bra tilgang på læreplassar, sjølv om formidlinga er noko vanskelegare innanfor enkelte fagområde og for enkelte grupper av søkjarane. Det vart i 2002 avlagt 1186 fag-/sveineprøver. Ved siste årsskifte hadde utdanningsavdelinga 1677 løpande lærekontraktar.

Til saman 421 har fått vurdert realkompetansen sin i 2002, inklusive praksiskandidatane. Vi har og starta med yrkesprøving for dei som ikkje kan dokumentere kompetansen sin på annan måte. Totalt var det i fjor 896 kurselevar som starta eit opplæringsløp spesielt tilrettelagt for vaksne.

KVALITET

Møre og Romsdal har eit vidaregåande opplæringstilbod som på ein god måte oppfyller kvalitetsmåla for opplæringa, og opplæringskvaliteten står samtidig i fokus i ei lang rekkje utviklingsprosjekt:

- Gjennom det nasjonale, 3-årige differensieringsprosjektet (2000-03) arbeider heile det vidaregåande opplæringssystemet for i større grad å kunne gi "tilpassa opplæring for alle." Det har vore stor aktivitet i 2002, m.a. to samlingar for koordinatorane på skolane, eiga samling for styringsgruppene saman med eiga elevsamling, og fagsamlingar innanfor ulike fag.



Hovudoppgåvene til utdanningssektoren er vidaregåande skole og fagopplæring i arbeidslivet. Opplæringa skjer i 28 vidaregåande skolar og ca 1300 lærebedrifter. Utdanningsutvalet har det politiske ansvaret for sektoren, medan fylkesutdanningsjefen har det administrative ansvaret. Yrkesopplæringsnemnda, som er samansett av folkevalde og representantar for partane i arbeidslivet, har eit særskilt administrativt ansvar for fagopplæringa i fylket.

Måla for arbeidet med vidaregåande opplæring er slått fast i Lov om vidaregåande opplæring, læreplanverk og dei årlege styringssignala frå Utdannings- og forskingsdepartementet (UFD). Måla er samla i ein årleg "Mål- og tiltaksplan for vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal", der også koplingane til Fylkesplan 2001-2004 er nedfelt. ■

- LUIS/SAMTAK-programmet koplar over ein 3-årsperiode (2000-2003) saman skoleleiar-programmet LUIS, og SAMTAK, eit kompetansestyrkingssprogram for PP-tenesta. Hovudfokus er systemretta arbeid, kopla opp mot konkret utviklingsarbeid innanfor tre temaområde: sosiale/emosjonelle vanskar, lese- og skrivevanskar og samansette lærevanskar.

- PILOT (Prosjekt Innovasjon i Læring, Organisering og Teknologi), eit nasjonalt prosjekt som fylkeskommunen (ved Romsdal vgs og Haram vgs) er med på, saman med kommunane Molde, Haram og Giske. PILOT dreier seg om meir aktiv bruk av IKT, med fokus på organisering og pedagogikk.

- Prosjektet "Ekstern skolevurdering", der ein nytar eksterne grupper til skolevurdering, starta hausten 2001 og vart gjennomført våren 2002. Til saman 2 grunnskolar og 2 vidaregåande skolar i fylket var med.

- Eit heilskapleg kvalitetsutviklingssystem: Utdanningsavdelinga starta i 2001 arbeidet med eit opplegg nær kopla til plan- og styringssystemet for fylkeskommunen. Nokre hovudelement er: Brukarundersøkingar "Elevinspektørane"/"Lærlingsinspektørane", kartlegging av arbeidssituasjonen for dei tilsette, betre statistikk for dokumentasjon og vurdering av gjennomstrøyminga, og betre samanheng i dei interne styringsdokumenta.

- Arbeidet mot rus og rusmisbruk har også i 2002 vore vektlagt ut frå eit stadig aukande behov på skolane for erfaringsutveksling og skolering. Det er gjeve særleg skolering om lov og regelverk når det gjeld å handtere narkotikasaker.

- Arbeidet med å styrkje den lærebedriftsbaserte vurderinga, gjennom saksbehandlingsrutinar, samlingar for lærlingane, opplæringstiltak etc. er ført vidare. Opplæringskontorstrukturen har vore drøfta, m.a. med sak til yrkesopplæringsnemnda våren 2002. Samtidig er det lagt stor vekt på kompetansestyrking og større medvit om dei oppgåvene som må løysast. Opplæringskontora omfattar ca 75 % av lærlingane, og det blir viktig å vurdere deira funksjon og samhandling med utdanningsavdelinga.

- Kontakten mellom skole og arbeidsliv er viktig for kvalitetsarbeidet, og det blir arbeidd kontinuerleg m.a. for å halde oppe god søking til dei yrkesfaglege studieretningane. Fleire utviklingsprosjekt har som mål å styrkje rekrutteringa, spesielt "Ungdom til utdanning og yrke i tradisjonelle næringer", som dreier seg om fiskerinæring og om møbelindustri. Prosjektet "Ungt Entreprenørskap" dreier seg om å bruke nye pedagogiske tilnæringsmåtar for å gjere opplæringa meir realistisk. Talet på elevbedrifter har auka frå 15 i skoleåret 2000/01

(første året i prosjektet) til 41 i skoleåret 2001/02 og 47 i 2002/03. Den beste elevbedrifta i Møre og Romsdal 2002, "Generation Steel" frå Ålesund vgs, vann den nasjonale tevlinga, og representerte Norge i EM i Paris i august 2002. Det må og nemnast at prosjektet "Samarbeid om kompetanseutvikling på Nordmøre" starta i oktober 2002 med finansiering frå det nasjonale Kompetanseutviklingsprogrammet i 1,5 år. Målet er å styrkje samspelet mellom kompetansetilbydarar og bedrifter på Nordmøre.


ØKONOMI

Utdanningssektoren hadde ei samla ramme på 944,6 mill. kroner og eit samla mindreforbruk på 6,4 mill. kroner. Dei vidaregåande skolane og fagopplæringa, som står bak meir enn 85 % av den samla ressursinnsatsen i sektoren, hadde eit mindreforbruk på 2,2 mill. kroner.

- På ramma for spesialpedagogiske tiltak var det eit mindreforbruk på 2 mill. kroner.
- På ramma for vaksenopplæring i skole var det eit mindreforbruk på 0,1 mill. kroner.
- På ramma for øvrige opplæringstiltak var det eit mindreforbruk på 2,1 mill. kroner.

Tala er korrigert for ekstrarekning KLP og kompensasjon for lønsoppgeret.





Fylkeskommunen sine oppgaver på kulturområdet spenner over eit vidt spekter; m.a. planarbeid, rådgjeving, forvaltning av lovverk om kulturminne, kulturtilskot til organisasjonar, institusjonar med meir, forvaltning av spelemidlane og ymse statlege tilskotsordningar, initiering og gjennomføring av ungdomskulturtiltak, drift av Møremusikar-ordninga og Fylkesbiblioteket, engasjement i overordna planlegging og tiltak på tvers av sektorar og forvaltningsnivå. Kulturavdelinga har eit nært samarbeid med kulturorganisasjonar, institusjonar, kommunar med meir. Fylkeskulturutvalet har det politiske sektoransvaret, medan fylkeskultursjefen har det administrative leiaransvaret.

KULTUR VIKTIG FOR REGIONAL UTVIKLING

Fylkestinget i Møre og Romsdal har i 2002 gjort det tydeleg at kultur og kultursatsing både er viktig for regional utvikling og for at folk skal trivast og bu i Møre og Romsdal. Fylkestinget oppretta derfor eit kulturfond på 100 mill. kroner frå første januar 2003 der avkastning av fondet skal brukast til investerings- og utviklingstiltak på kulturområdet. Dette kjem i tillegg til det vanlege kulturbudsjettet. Møreforskning i Volda og Molde har i 2002 arbeidd med kvart sitt forskingsprosjekt på oppdrag frå Møre og Romsdal fylkeskommune: "Kva skaper bulyst hos unge hushald? Kva gjer ein region attraktiv å bu i?" og "Kulturøkonomi". Avsluttande rapportar ligg snart føre, men funn i prosjekta er presenterte både ved Nasjonal kulturkonferanse i samband med Molde Internasjonale Jazz Festival og Regionalkonferansen "Mulighetenes region". Det er alt mogleg å trekkje ut resultat som viser at kultursatsing og offentleg dugnad for kulturlivet i Møre og Romsdal er målretta innsats for ei positiv regional utvikling.

KULTURMINNE - ORMEN TIL MØRE

Kulturavdelinga er ferdig med sine kulturminne-registreringar i høve til Ormen til Møre. Framlegg til Riksantikvaren om frigjeving for å mogleggjere ilandføring til Nyhamna i Aukra er oversendt. Kulturavdelinga har i tillegg forvalta fleire plansaker etter kulturminnelova enn nokon gong tidlegare, til saman 830 einskildsaker. Dialogen er viktig i arbeidet, og for å utvikle denne er det særleg lagt vekt på formidling av kulturhistoria gjennom Den Kulturelle Skolesekken.



ARKIV, BIBLIOTEK OG MUSEUM

Kulturutvalet har etter ein omfattande prosess vedteke konsolideringsgrepa for musea i Møre og Romsdal og oppnemnt styre for dei tre regionane – Sunnmøre, Romsdal og Nordmøre. Styra vil starte arbeidet tidleg i 2003. Staten har, i tråd med Stortinget sine signal, starta opptrapping av driftsrammene med samla 3 mill. kroner til musea i Møre og Romsdal i 2002. Den store utfordringa er å få staten med på investeringar til magasin i dei tre regionane og formidlingsbygg på Nordmøre og i Romsdal. Møre og Romsdal fylkeskommune overtok Norges Bank sitt bygg i Ålesund vinteren 2002, og er i gang med å planleggje innhald og tilrettelegging for kunstmuseum. Det er etablert eit ABM-utval i Møre og Romsdal som arbeider med samanheng i utvikling mellom arkiv, bibliotek og museum i fylket. Fylkesbiblioteket har gjennom omprioritering av ressursar oppretta ei heil stilling som fylkesbiblioteksjef for å styrkje den regionalfaglege rolla som rettleiar og fagleg støttespelar innan bibliotekområdet i fylket.

KUNST- OG KULTURFORMIDLING

Kulturnista i Møre og Romsdal blir mal for nasjonal ordning "Den Kulturelle Skolesekken" til alle grunnskolebarn i heile landet. Dette er det grunn til å glede seg over som nasjonal reform for kultur, skole- og regionalpolitikk. Samhandlinga mellom fylkeskommunen, utdanningsdirektøren, kommunane, kulturinstitusjonar og frie grupper er god, og i stadig utvikling til beste for den enkelte grunnskoleelev i Møre og Romsdal. Nista når i dag om lag 26.500 elevar. Målet når ordninga blir gjort nasjonal er alle dei 33.000 grunnskoleelevane i fylket.



IDRETT OG FRILUFTSLIV

Møre og Romsdal fylkeskommune fordelte i 2002 23 mill. kroner til ordinære anlegg, rehabilitering, nærmiljøanlegg og forenkla nærmiljøanlegg. Dette er meir enn nokon gong. Søknadsvolum var om lag 66 mill. kroner, derfor er det også mange vombrotne. I det idrettspolitiske arbeidet er aktivitet prioritert. Gjennom samarbeid med Kulturnista og skoleverket blir det derfor særleg sett fokus på uteskole og fysisk aktivitet for barn og unge. Fylkeskommunane utfordrar staten for å få auka handlingsrom ved forvaltning av spelemidlane.

FØREBYGGJANDE OG HELSE-FREMJANDE ARBEID

Kulturarbeid og kulturaktivitet er i seg sjølv førebyggjande og helsefremjande for både fysisk og psykisk helse. Den nyoppretta stillinga som skal følgje opp fylkesdelplan "På helsa laus", er lagt til kulturavdelinga med ansvar for det strategiske samordningsarbeidet innan førebyggjande og helsefremjande arbeid. Vidare har kulturavdelinga i 2002 fått ansvar for å følgje opp fylkesrådet for funksjonshemma og tilskotsrammene for brukarorganisasjonane. Begge områda er overført frå helse- og sosialavdelinga. Helse Midt-Norge og kulturavdelinga kom fram til ein fordelingsnøkkel der ein fordelte like store driftstilskot til brukarorganisasjonane.

ØKONOMI

Fylkeskommunen sine ressursar utløyser både statlege og kommunale ressursar gjennom finvevde samarbeid. Ikkje minst utløyser ressursane ein stor kulturdugnad gjennom frivillige organisasjonar og frivillig innsats også i samarbeid med profesjonelt kulturliv. Fylkeskommunen si netto ramme til kulturformål var i fjor 44,9 mill. kroner og brutto 95,1 mill. kroner som følgje av ulike statlege tilskot, spelemidlar og store arkeologiprojekt. Samla hadde kulturkapittelet eit mindreforbruk på 0,8 mill. kroner. Tala er korrigerert for ekstrarekning KLP og kompensasjon for lønsoppgjær.

SAMFERDSEL



BUSS


Busstilbodet er den største og viktigaste delen av kollektivtransporten i fylket. I 2002 reiste 13,2 mill. passasjerar og det vart ytt eit tilskot på 131,1 mill. kroner. Til skoleskys av om lag 6000 elevar i vidaregåande skole vart det ytt 44,4 mill. kroner i tilskot. Om lag 39 % av rutebilselskapa sine kostnader blir dekt av fylkeskommunal godtgjerse. Tilskotet og fylkeskommunen si betaling for buss-skys av elevar i vidaregåande skole dekkjer til saman om lag 50 % av selskapa sine totale kostnader.

FERJE OG HURTIGBÅT

Til fylkesvegferjedrifta vart det i 2002 ytt eit tilskot på 27,9 mill. kroner, og til hurtigbåtrutene 32,4 mill. kroner. Dei tre hurtigbårutene som går til og frå Ålesund vart i 2002 lagt ut på anbud. Anbuds-kontrakten vart sett i verk frå 1. januar 2003 med Fjord 1, MRF som operatør.

NYE RABATTORDNINGAR

Den 1. september 2002 vart det innført ungdomskort for 16 til 19-åringar på reiser i heile Møre og Romsdal. Kortet, som kosta 350 kroner i 2002, gjeld for eit uavgrensa tal reiser med buss, hurtigbåt og ferje, samt med buss gjennom bompengesamband. Ordninga vart svært godt motteke. På same tid vart det også innført skole- og studentrabatt. Ordninga gjev 40 % rabatt på månadskort og andre periodekort for personar som er under 30 år, på daglege reiser til og frå skole og universitet. Rabatten gjeld reise på buss, båt og ferje, samt med buss gjennom bompengesamband. Førebels er det få som har nytta tilbodet.



TRANSPORTTENESTA FOR FUNKSJONSHEMMA

Tilskotsramma til transporttenesta for funksjons-

Samferdselsavdelinga har ansvaret for omfattande oppgåver innan samferdselssektoren, og koordinerer den overordna strategiske samferdselsplanlegginga i fylket i tett samarbeid med Statens vegvesen, Luftfartsverket, Jernbaneverket, Kystverket og kommunane.

Ei av hovudoppgåvene er ansvaret for kollektivtransporten både på sjø og land, som blir utført av ruteselskap og terminalselskap etter driftsavtalar med fylkeskommunen. Fylkeskommunen administrerer også transportordninga for funksjonshemma, gjev gods- og persontransportløyve samt har ansvar for organisering av den sivile veg- og kysttransporten i fylket ved kriser i fredstid, beredskap og krig.

hemma var i 2002 11,126 mill. kroner. Av desse vart 1,118 mill. kroner ikkje brukt, då mange av brukarane, som for ein stor del er eldre, fell frå som brukarar. For å betre utnyttinga av den løyvde tilskotsramma, har samferdselsutvalet vedteke å endre retningslinjene slik at yngre brukarar kan gjevast eit betre og meir tilpassa tilbod.

KOLLEKTIVTERMINALAR

I samband med utviklinga av det nye vegsystemet ved Moa vart det prøvd å få etablert ein ny kollektivtransportterminal som ein integrert del av kjøpesenteret. Fylkesmannen gjekk imot ein slik dispensasjon, og arbeidet med denne etableringa stoppa opp.

I 2002 vart Trafikkterminalen i Molde gjenopna etter eit større opprustingsarbeid. I samarbeid med Jernbaneverket og Rauma kommune har fylkeskommunen løyvd pengar til oppstart av arbeidet med å utvikle ein skystasjon på Åndalsnes.

Fylkeskommunen har i samarbeid med transportørane ansvar for drift av ruteopplysningstenesta "177". I 2002 var det 250 000 som vende seg til "177". Dette er ein auke på 13 % frå 2001.

NASJONAL TRANSPORTPLAN OG FYLKESDELPLAN TRANSPORT

Nasjonal Transportplan (NTP) er ein strategisk plan for ei heilskapleg utvikling av det samla systemet for veg-, jernbane-, luft og sjøtransport. I samband med rullering av NTP for 2006-2015 har fylkeskommunen gjennomført ei strategisk analyse for Møre og Romsdal, og gjeve innspel til arbeidet med transportkorridorar og hamnestruktur. Fylkesdelplan Transport 2001-2011 skal samordne staten, fylkeskommunen og hovudtrekka i kommunane sine planar som vedkjem transportsektoren. I fjor var det første året Fylkesdelplan Transport var verksam. Tilbakemeldingane vi har fått så langt tyder på at Fylkesdelplan Transport har vore ein viktig reiskap som grunnlag for vidare saksang i ulike etatar. Fylkesdelplanen var og førande for framlegget til Strategisk analyse i høve til NTP.

REGIONAL UTVIKLING

Fylkeskommunen deltek i regionalt utviklingsarbeid gjennom SAVOS (Samarbeidsrådet for Vest- og Sørlandet), internasjonalt utviklingsarbeid gjennom deltaking i Interreg-prosjekt og i Nordisk Transportpolitisk Nettverk (NTN). Gjennom arbeidet i SAVOS har ein sett fokus på mange saker av regional interesse: satsing på Kyststamvegen E 39, krav til hyppigare avgangar og lengre opningstid på ferjene på strekninga, betre moglegheita for sjøtransport frå Vestlandet til kontinentet og utvikling av godsknutepunkt i Ålesund.

For å arbeide med utvikling av knutepunktshamna i Ålesund etablerte ein Nasjonalhamnutvalet. Utvalet

la i juni 2002 fram utgreiinga: "Ålesund som intermodal knutepunkthamn for Nord-Vestlandet". På bakgrunn av denne rapporten vart det bestemt at arbeidet skulle først vidare gjennom deltaking i Interreg-prosjektet Nordlig Maritim Korridor. Dette prosjektet har som mål å samle 20 kystregionar, frå Nordvest-Russland til Flandern, for å styrkje sjøtransporten. Målet er å utvikle ein effektiv, trygg og berekraftig transportkorridor som bind kystområda saman og styrkjer regional utvikling både i Nordsjø-området og i Barents-området. I Møre og Romsdal blir hovudvekta lagt på betre transportløyvingar for sjømat og petroleum-/offshore-tenester. Hausten 2002 tilsette fylkeskommunen ein prosjektleiar i eit treårig engasjement for å arbeide med dette prosjektet.

For å sjå om det er mogleg å utvikle kollektivtransportssystemet i distrikta, vart det hausten 2001 sett i gang eit forsøksprosjekt i Haram kommune. Bakgrunnen for prosjektet var at det er vanskeleg og kostbart å få til gode transporttilbod i område med spreidd busetjing og tynt befolkningsgrunnlag. I 2001 kartla ein transportbehova for barn og unge samt dei eldre over 67 år i Haram kommune. På bakgrunn av denne rapporten har ein i 2002 arbeidd med å utforme eit forslag til ei bestillingstransporttrute. Denne blir sett i drift som eit prøveprosjekt hausten 2003.


UTVIKLE BETRE KUNNSKAP

I samband med arbeidet med Nasjonal transportplan blir det i eit samarbeid mellom transportetatane, fylkeskommunane og høgskolemiljøa utvikla regionale transportmodellar. Fylkeskommunen har vore delaktig i arbeidet med å kode inn kollektivnettet til bruk i dette utviklingsarbeidet. Når desse modellane er ferdige, er det håp om at dette verktøyet vil betre grunnlaget for vurdering og prioritering av tiltak mellom dei ulike transportformene.

I samband med den nasjonale Reisevaneundersøkinga 2001 har fylkeskommunen, i samarbeid med Vegkontoret, stilt midlar til disposisjon for eit ekstra utval av intervju i Møre og Romsdal. Det vart i 2002 utarbeidd nasjonale rapportar. I løpet av våren 2003 vil det bli utarbeidd ein eigen rapport for Møre og Romsdal.


ØKONOMI

Samferdsel hadde ei ramme på 266,3 mill. kroner i 2002, og eit samla mindreforbruk på 2,2 mill. kroner. Underforbruket skriv seg i hovudsak frå transportordninga for funksjonshemma (TT-ordninga) med 1,1 mill. kroner, skoleskys i vidaregåande skole med 0,5 mill. kroner og diverse samferdselsføremål med 0,6 mill. kroner. Tala er korrigerert for ekstrarekning KLP og kompensasjon for lønsoppgjær.



ORMEN TIL MØRE

Fylkeskommunen sitt prosjekt "Ormen til Møre" har som mål å få ilandføring av Ormen Lange-gassen og oppretting av eit knutepunkt for petroleum i Møre og Romsdal. Saman med kommunane har vi nytta våre kunnskapar innan olje- og gassutvinning og fysisk planlegging til å klarere aktuelle område for ilandføring av gass frå Norskehavet. Fylkeskommunen har fått svært gode tilbagemeldingar frå oljeselskapa for godt og konstruktivt samarbeid. Den 18. desember 2002 førte tre års iheldig innsats til resultat, då lisenshavarane valde ilandføring av Ormen Lange til Aukra kommune i Møre og Romsdal.



HØGSKOLESAMARBEID MØRE

Målet er å styrkje både høgskolane si konkurransekraft og samarbeidet mellom høgskolane og næringslivet. Gjennom prosjektet "Høgskolesamarbeid Møre" har vi, saman med dei 3 høgskolane samt representantar for næringslivet, m.a. kartlagt føresetnadene for ein nettverksbasert fusjon og ei mogleg utvikling av høgskolane til å oppnå status som vitskapleg høgskole eller "Møreuniversitet". På grunnlag av kartlegginga tilrådde styringsgruppa at det blir etablert eit hovudprosjekt med mål om ein fusjon av dei tre høgskolane i fylket. Prosjektrapporten skal behandlast i høgskolane 1. halvår 2003. Det er lagt opp til at Kompetansefondet skal nyttast innan ramma av høgskolesamarbeidet.

ATTRAKTIVE TETTSTADER

Målet for arbeidet er å utvikle kommunesentra til tettstader som er attraktive for dei som bur der og for tilflytting – med levande møteplassar og gode tenestetilbod. Det er stor aktivitet og stor etterspurnad etter rådgjeving, prosesshjelp og økonomisk støtte. Skrantande kommunøkonomi gjer det vanskelegare for kommunane å finne rom til eigendelen i prosjekta, og det er fleire døme på at næringslivet/handelsstanden no tek ein større del av ansvaret. Det er i 2002 gjennomført større tettstadsprosjekt i Stordal, Ulstein, Ørsta, Sande og Surnadal. Pilotprosjektet "Miljøvenlege og attraktive tettstader" er vidareført, og det er m.a. gjennomført fire regionale konferansar.

Nærings- og miljøavdelinga arbeider for gode vilkår for næringsutvikling og regional utvikling i Møre og Romsdal. Verktøya i dette arbeidet er høg og variert kompetanse hos 25 tilsette, eit sterkt eksternt nettverk, kapital til utviklingsprosjekt (23,8 mill. kroner i 2002) og forvaltning av plan- og bygningslova.

Strategisk næringsplan (SNP) for Møre og Romsdal 2001-2004 er grunnlaget for avdelinga sitt arbeid. I denne planen har næringslivet o.a. peika ut dei strategisk viktige innsatsområda for utvikling av Møre og Romsdal. Regionalt Utviklingsprogram (RUP) er det årlege budsjettet for SNP der ein målettar dei statlege og fylkeskommunale økonomiske verkemidla. RUP er utarbeidd i samråd med det regionale partnerskapet.

HAVBRUK

Målet er å oppnå ein berekraftig vekst i havbruksnæringa i Møre og Romsdal, og auke utnyttinga av spillvarme til oppdrett av varmekjære artar. Vi arbeider saman med SND, næringa og forskingsinstitusjonane. Fylkeskommunen sitt arbeid med havbruk omfattar regional arealplanlegging, faglege undersøkingar, forskning, utdanning og nettverksbygging. Prosjekta "Innovasjon Møre", "Regionalt utviklingsprogram for skjelnæringa" og "Regionalt utviklingsprogram for Sunndalsregionen" inneber brei innsats for innovasjon innan havbruk. Saman med Akvaforsk og Møreforskning, samt dei FoU-orienterte utstyrsleverandørane, utgjer yngel- og matfiskproducentane av marine artar i Møre og Romsdal eit av dei fremste miljøa i Norge. Det er sett i gang arbeid med utvikling av eit regionalt kompetansesenter for bioteknologi knytt til Høgskolen i Ålesund og Møreforskning Ålesund med eit 6-årig utviklingsperspektiv. Det er arbeidd politisk med rammevilkåra for Akvaforsk og framlegget om nasjonale laksefjordar og laksevasdrag.

INTERNASJONALISERING

Vi er dør og rådgjevar for næringsliv og kommunar inn til konglomeratet av EU-program. Vi har i 2002 sett i verk eit 3-årig Leonardo-utvekslingsprosjekt for lærlingar innan møbel- og trebransjen, utvikla eit Interreg-prosjekt innan e-business i samarbeid med m.a. Tyskland, Finland, Danmark og Skotland, samt delteke i utvikling av eit Interreg-prosjekt knytt til maritime kulturminne. Det er også inngått ein samarbeidsavtale med Presov fylke i Slovakia.

NYSKAPING OG ENTREPRENØRSKAP

I 2002 arrangerte avdelinga to etablerarskolar med 40 deltakarar, og mange etablerarar har fått subsidiert rådgjeving og hjelp for å kome i gang med eiga bedrift. Begge kunnskapsparkane i fylket har etablert inkubatorstilbod, det er etablert ein ny næringshage i Norddal, Rugekassa på Hareid, høgskolestudium i entreprenørskap og fylkeskommunen har vedteke å investere inntil 4,5 mill. kroner i Bølgen Invest. Eit nettverk med 6-7 kommunar på Nordmøre og Sunnmøre er under etablering med mål om ei heilskapleg satsing på entreprenørskap som samfunnsutviklingsstrategi. Entreprenørskap er også eit av fire innsatsområde i prosjektet "Kunnskap om mangfald gir vekst" der departementet har utpeika Møre og Romsdal som pilotfylke.

LOKALISERING MØRE OG ROMSDAL

Prosjektet er sett i gang for å klarleggje fylket sine lokaliseringføremøn og påverke sentrale avgjerdstakarar med føremål lokalisering av nye og sikring av eksisterande statlege arbeidsplassar i Møre og Romsdal. Prioriterte prosjekt i 2002: Norsk Kulturråd til Kristiansund, Regionkontor for Oljedirektoratet til Kristiansund, Artsdatabank til Tingvoll, Nytt "Læringscenter" til Molde, Sjøfarts-

direktoratet til Ålesund, Eigarskapstilsynet og Statens filmtilsyn til Volda, og Pensjonstrygden for sjømenn til Hareid/Herøy.

DRIFTSASSISTANSEN FOR VATN OG AVLØP I MØRE OG ROMSDAL

Gjennom Driftsassistansen samarbeider vi med kommunane i fylket for å sikre fullgod vasskvalitet, gjennom kompetansebygging og effektivisering innan vatn- og avløpssektoren. Dessutan har vi del-finansiert naudsynt utbygging og oppgradering av sju vassverk.

PLANRETTELEIING OG REGIONAL STATISTIKK

Vi yter rettleiing og kompetansestøtte til kommunar og private i planprosessar og areal-, miljø- og ressursforvaltning, og tek omsyn til regionale og nasjonale interesser i høve til plan- og bygningslova. Vi har hatt stor aktivitet knytt til skredproblematikk. Avdelinga utarbeider regional statistikk innan områda nærings- og befolkningsstatistikk til bruk i kommunar, fylkeskommune, regional stat og næringsliv. Vi gjev og årleg ut publikasjonen "Utviklingstrekk i næringslivet" i samarbeid med SND.

ØKONOMI


Etter ei omdisponering av 0,5 mill. kroner frå avdelingsbudsjettet til Tiltaksfondet viser rekneskapa eit mindreforbruk på 0,1 mill. kroner. Avdelinga har forvalta i alt 23,8 mill. kroner til regionale investeringar og utviklingsprosjekt. Dette er slik fordelt på dei ulike strategiane i Regionalt Utviklingsprogram: 1,6 mill. kroner til kompetanse, 11 mill. kroner til innovasjon, nyskaping og nettverk og 11 mill. kroner til robuste bu- og arbeidsmarknadsregionar, som inkluderer fysiske investeringar i næringsareal, hamn, kai, vassforsyning og infrastruktur i tettstader. Tala er korrigert for ekstrarekning KLP og kompensasjon for lønsoppjær.



ORGANISASJON



Til saman er det 2.104 årsverk i Møre og Romsdal fylkeskommune. Desse er fordelt på 56 årsverk i stabsorgan og fellesadministrasjon, 126 årsverk i fagavdelingar og sentrale tenester og 1.912 årsverk i tenesteproduksjon.



LIKESTILLING

Fylkeskommunen har ein eigen handlingsplan for dei tilsette som byggjer på fylkesdelplan for "Likestilling og mangfald 2000-2003". Av 98 leiarstillingar der driftseiningsnivået er teke med er 28 % kvinner. Det er stor stabilitet i stillingane, av tilsetjingar dei siste åra er ein stor andel kvinner. Sentrale målsetjingar er fleire kvinner i leiande stil-

lingar, likeløn, redusert bruk av deltid og sikre at funksjonshemma og etniske minoritetar blir likt vurdert ved tilsetjingar. Stipend til kvinner som kvalifiserer seg for leiarstillingar, bevisstgjere leiarane i forhold til rekruttering av kvinner til leiande stillingar og tilsetje frå etniske minoritetar, avtale om inkluderande arbeidsliv for å tilretteleg-

ge for funksjonshemma og fokus på likeløn i løns-politikken er av dei konkrete tiltaka som er gjennomførte. Ved ledighet i stilling blir det vurdert om det er tilsette i deltidsstilling som ønskjer å utvide stillinga si.



